

Merknader til høyringsnotat om framlegg til rettskrivingsendringar i 2024

3.1 Ved *ekstrakt* og *manual* er det spesifisert kva for ei tyding normframlegget gjeld. Her burde det òg vore spesifisert korleis orda i dei alternative tydingane ('utdrag av skrift' resp. 'treningsapparat' og 'handbok') skal behandlast etter framlegget. Rett nok verkar det rimeleg å tolke framlegget slik at ein der implisitt går inn for status quo, men for klarleiken sin del bør dette uttrykkast eksplisitt.

3.4 I 1979 foreslo Finn-Erik Vinje at *juice* skulle få ein valfri norvagisert skrivemåte *jus*. Eg arbeidde da i sekretariatet og fekk framlegget på mitt bord, og det var mitt initiativ å supplere Vinjes framlegg ved å føre inn *juss* som valfritt alternativ til *jus* 'rettsvitskap'. *Juss* var nok ikkje så vanleg den gongen, men yngre juristar hadde begynt å bruke det; eg søkte særleg støtte i tittelen på tidsskriftet *Hefte for kritisk jus* for framlegget mitt. Den gongen tenkte vi ikkje på den bestemte forma; vi gjekk automatisk ut frå at *jus* skulle bøyast *jusen* (uansett tyding) og at *juss* skulle bøyast *jussen*. Men det var eit poeng med dei nye formene å markere at *-us-* skulle representere lang *u* i talemålet og *-uss-* tilsvarande kort *u*. Klarare språk var med andre ord målet.

Kikk for kick er vel mindre heldig; norvagisering bør ikkje føre med seg homografi (her attpåil utan homofoni) med vanlege norske ord med heilt andre tydingar.

4.2 Det kan problematiserast om denne typen saker eigentleg kan reknast som rettskrivingssaker, eller om dei burde behandlast for seg som namnesaker. Da kunne ein legge inn meir omfattande og oversiktleg informasjon om problemfeltet. Såleis burde ein truleg sette opp ei liste over namn med strukturen *Den xx republikk(en) YY* med normeringsframlegg, for å sjå dei i samanheng. Ein burde vel òg (liksom under 4.1 ovanfor) seie eksplisitt at det ikkje blir foreslått noka endring i slike namn i nynorsk, som eg går ut frå er meininga. Ein kunne òg skilje mellom namn der denne offisielle forma i praksis nesten aldri blir brukt (som i døma Venezuela og Uruguay) og (det fåtalet av) namn der typen er meir brukt t.d. for å skilje mellom elles homonyme namn på ulike land (Kongo).

4.3 *Trikk* n kunne takast ut i nynorsk òg, av den same grunnen som eg nemnde ovanfor under 3.4.

5.2 Det er truleg ein meir sannsynleg etymologi at *koss* er ei samantrekking av *korleis* (*kolles* o.l.) enn av *korso*, og bruken av ordet peikar òg i den leia. Siste avsnittet i framlegget kunne dermed med fordel strykast.

Lars S. Vikør